

Arild Aase

Aase 35

5916 Isdalstø

16.01.2022

Kommuneoverlegen i Alver

Sivilombudsmannen

Statsforvalteren i Vestland

Miljøavdelinga Vestland fylke

Forureining av vassdrag og drikkevatt ved Isdalfjellet og Aase i Alver kommune

Eg vil med dette varsle om forureiningsutslepp ved skogsveg og skogsarbeid ved Langavatnet ved Isdalsfjellet. Utsleppet vart oppdaga av underteikna då eg merka at alle filter i drikkevattnet til boliger og driftsbygg var veldig rustfarga. Eg sjekka dermed Langavatnet der isen var iferd med å forsvinne den 03.01.2022. Vatnet var heilt brunt og eg fann med det samme ut at det pumpa jord og ei grå masse ut i vatnet på ulike stader frå hjulspor i terrenget og frå ny etablert skogsveg. Vatnet har dagleg avrenning fortsatt og eg meiner dette påvirker mitt drikke og forbruksvatn, og eg ser ingen tiltak som blir satt i gang for å stoppe avrenninga eller begrense forureininga. Eg veit også at vilkåra for prosjektet ikkje skal ha avrenning til Langavatnet. (Ref: Lindås Kommune sak 18/3696-19/10210 Nils Kaalaas den 28.03.2019)

Eg ringde tiltakshaver i Isdal felles og fortalde om utsleppet. Eg tok også kontakt med skogsentreprenøren Lerøy AS, som hadde samme dag oppdaga det eg såg. Lerøy stoppa arbeidet og trekte seg ut av tilsigsområdet. Han beklaga at noko av forureininga hadde skjedd i eit kjørespor for lastbærar og der han arbeidet. Dette vart ordna opp dagen etter.

Eg ser at det pr 15.01.2022 framleis pumper jord og grus ut i tilkomstelver og direkte i Langavatnet. Dette kjem frå den nye skogsvegen.

Tiltakshavarene gjorde ingen tiltak med forureininga før eg bad de om å ta ei vassprøve for å sjekke om vatnet var drikkande for dei vel 20-30 personene og husdyra som har tilgang til vasskjelda. Det vart ikkje tatt vassprøve før den 05.01.2022 etter det eg veit. Etter fleire henvendinger har eg fått tilsendt resultatet frå prøven den 13.01.2022 og ei munlegg tilbakemelding frå tiltakshavar at vatnet kan drikkast. Eg har bedt om ei skriftleg tilbakemelding om vatnet er drikkbart, noko som eg ikkje har fått. Eg har også tidlegare spurt tiltakshavarane om dei kan ta vassprøver og ha kontroll av vatnet, sidan all avrenning går i Langavatnet, og er ulovleg. Har fått munlegg vite at der er tatt prøver, men får ikkje vite svar.

Eg varsla landbrukskontoret ved Mari Emilie Pettersen Hagenlund og Per Sveinar Morsund ved miljø og tilsyn ved Alver kommune den 04.01.2022, men ingenting har sjedd si. Ikkje eingong ei tilbakemelding har eg fått på kva som vert gjort. Eg kontakta igjen Per Sveinar Morsund på miljø og tilsyn i Alver kommune på nytt den 06.01.2022 og måtte være nokså krass i min uttale for at dei skulle reagere med å følge opp saka med evt vassprøver og tiltak. Har fått ei tilbakemelding den 13.01.2022 der Morsund bekrefter at det er tatt vassprøve. Eg får ikkje vite om vatnet er drikkbart.

Sidan skogsprosjektet vart kjent for meg for vel 2 år sidan har eg meldt mi bekymring til Landbrukskontoret i Alver kommune ved Nils Kaalaas, som har gitt løyve om oppstart av skogsvegbygging og uttak av skog, og Laila Bjørge som eg har delt mi bekymring med og prøvd å forklare at det prosjektet påverkar det private drikkevatnet på Aase. Eg varsla tidleg at Langavatnet er drikkevatn og har vore det sidan 1930 tallet på Aase. Det var Kaalaas kjent med, sidan dette har vore kommunalt drikkevatn fram til ca 1980 tallet. Mi bekymring er og har vore at det vert avrenning til Langevatnet på grunn av terrenget og valg av skogsveg trasse uten tiltak. Det er beskrevet i tiltaket frå Alver kommune at det ikkje skal være avrenning til Langavatnet, det er også beskrevet i nyere vedtak frå Alver kommune den 11.11.2021 der tiltakshaver søker om tilkjørte jordmasser for å dekke vegskråningar. Det er også gjort merknader frå Fylkesmannen at ein må unngå avrenning til Langavatnet.

Dette vedtaket fanga eg opp tilfeldig, sidan eg aldri har fått noko informasjon frå hverken Alver kommune eller tiltakshaver om vilkår for å unngå avrenning. **All avrenning frå prosjektet renn i drikkevatnet i Langavatnet** og dette er mot vilkåra i løyvet frå kommunen og Statsforvalteren i Vestland.

Eg har også i oktober 2021 varsla mi bekymring til Miljøavdelinga og Landbruksavdelinga hjå statsforvaltaren i Vestland. Der fekk eg svar at det var Alver kommune som måtte håndtere bekymringa. Dei kunne hjelpe til når kommunen ikkje gjorde dette. No er det i tillegg ei forureining som kommunen ikkje bryr seg om og eg treng derfor hjelp frå Statsforvaltaren i Vestland.

Eg har i vel eit år no hatt jevnleg kontakt med Landbrukskontoret på telefon og e-post, der eg hevdar prosjektet ikkje fylgjer vilkår og krav til at det ikkje skal være avrenning til drikkevatnet. Eg har kontakta fylket si miljøvernavdeling og dei på på fylket som driv med planlegging av skogsveg. Ingen tør å ta opp med Alver kommune om at vilkåra som også fylket har kommentert, ikkje vert fulgt.

Dette er fortvilande at vi har slike systemer/personer som ikkje tørr å ta opp saker med Alver kommune før der er hendelser.

Den 21.11.2021 sende eg mi bekymring til Kommuneoverlegen i Alver etter samtale med Statsforvalteren i Vestland. Eg fekk opplyst at dersom landbrukskontoret og miljø og tilsyn ikkje gjorde noko med krava i prosjektet ihht. Drikkevassforskrifta, då måtte eg kontakte kommuneoverlegen.

Våren 2021 var det stor aktivitet av tilkjøring av jordmasser utenfrå. Dette bekymra meg sidan eg veit at all avrenning går i drikkevatnet. Eg hadde vorte fortald av Nils Kolaas ved Landbrukskontoret i Alver at det ikkje skulle tilkjørast jordmasser i dette prosjektet, men berre reine steinmasser. Steinskråningar skulle dekkjast med jord frå stedbunde jordmasser som vart gravd opp for å lage veg.

Eg varsla landbrukskontoret og miljø og tilsyn i Alver kommune om mi bekymring for forureining og avrenning til drikkevatnet. Kommunen meinte at dette ikkje var viktig og ville heller ikkje gå befarig med meg.

Eg meiner løyvet kommunen har gitt er tynt og inneheld få kriteriar for at eit slikt stort arbeid skulle ha dei rette fokus på sikkerheita for drikkevatnet og vassdraget som startar i Langevatnet. Eg har frå starten bedt om å få tilsendt HMS plan for vassikkerheita og oppfølging i prosjektet, vedrørande

avrenning, kontroll og beredskap av drikkevandet. Eg har aldri fått tilgang til noko av dette frå Alver kommune eller tiltakshaver.

Det er fortsatt uvisst for meg om vatnet er farleg å drikke, og eg meiner det er tiltakshaver eller Alver kommune som har ansvaret for å informere meg om dette. Eg har fleire ganger om dagen sidan 03.01.2022 sjekka elver og avrenning mot vatnet. Det er fortsatt samme jord og grus tilsig i vatnet frå prosjektet. Eg har skifta filter og spylt gjennom trykktank kvar dag sidan forureininga vart oppdaga, men det er fortsatt unormal farge og smak på vatnet. Tiltaka eg gjer er tidkrevande og kostar meg mykje. Etter samtale med min rørleggar, så er eg i tillegg til om vatnet er forsvarleg å drikke, bekymra for alle partiklar og innhold som kan skade pumper, ventiler, trykktanker, rørsystem og varmpumpeanlegg med tanker og at det vert liggande rester av forureining i dei vel to tusen meterane med vassledning eg har. Eg meiner eg ikkje er ansvarleg for kostnader eg er påført av prosjektet og vil kreve rettferdig erstatning for dette etter dei lover som gjelder. Eg bruker mange timar om dagen på dette fortvilande arbeidet og søv dårleg kvar natt på grunn av uvisse om drikkevandet vårt.

Hverken Alver kommune eller tiltakshaver har kontakta meg angående begrensing eller løysing på forureininga av drikkevandet pr i dag den 16.01.2022. Eg meiner dette er uholdbart og ansvarsløst.

Eg har heller ikkje fått noko svar eller kontakt med Kommuneoverlegen som vart informert om bekymringa den 21.11.2021. Eg er bekymra for at kommunen sine systemer for innbyggjarane ikkje fungerer som tiltenkt. Meiner også at det er noko som ikkje stemmer når så mange avdelinger i Alver kommune er varsla om eit så stort forureinsing i drikkevandet for menneske og husdyr i kommunen i så lang tid. Er også overraska over tiltakshaver som ikkje tar grep endå dei veit at dette er det einaste drikkevandet vi har her på Aase. Der er ikkje gjort forsøk på å begrense avrenning frå den nybygde skogsvegen som har stor avrenning direkte til hovedelver mot drikkevandet og direkte i vatnet.

Eg meiner skogsprosjektet er ulovleg, sidan det ikkje er fulgt opp krava om at det ikkje skal være avrenning til Langavatnet. Feilen er kommunen sine tynne vilkår til prosjektet og krav til oppfølging kontroll under prosjektida. Det er også kommunen som er ansvarleg for at tiltak vert fulgt opp og at miljøhensyn som er varsla vert tatt på alvor. Alver kommune berre trenerer saka og er etter mi meining handlingslause.

Forventer at eg vert kontakta omgåande av kommuneoverlegen i Alver og Statsforvalteren i Vestland, slik at eg kan få vite kva som vert gjort for å håndtere denne forureinsinga framover.

Håper på svar snarast og på førehand takk.

Mvh

Arild Aase

Mobil: 97752329

Email: arild@aasegarden.no

